

DAGSORDEN Fylkesutvalget d. 24-10-2022

Mødedato Mandag d. 24. oktober 2022 kl. 13:00

Mødested Fylkeshuset

Indholdsfortegnelse

Møtedokumenter.....	3
PS 206/2022 Tilsetting av ny fylkesdirektør 2022.....	4

Møtedokumenter

Saksfremlegg

Arkivreferanse: 2022/57403-4
Saksbehandler: Else-Margrete Liknes Overøye
Avdeling: Personal- og organisasjonsavdelingen

Tilsetting av ny fylkesdirektør 2022

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
22/2022	24.10.2022	Administrasjonsutvalget
206/2022	24.10.2022	Fylkesutvalget
122/2022	25.10.2022	Fylkestinget

Vedlegg:

- 1 CV_Gunn_Claire_Westad
- 2 Annonsetekst_Visindi

Samandrag

Fylkestinget tok til orientering at stillinga som fylkesdirektør vart ledig 15.08.2022 og vedtok i møte 18.05.2022 at fylkesutvalet fekk fullmakt til å oppretta innstillingsråd og vedta rådets mandat.

Stillinga som fylkesdirektør vart lyst ledig i dagspressa og på internett i juli 2022 med søknadsfrist 1. september 2022. Innstillingsrådet har hatt ei rekke møter i perioden juni-oktober 2022.

Innstillingsrådet fatta ei innstilling og la fram innstillinga for administrasjonsutvalet og fylkesutvalet 18. oktober 2022. 19. oktober 2022 valde den innstilte kandidaten å trekka sitt kandidatur. Innstillingsrådet har no, på bakgrunn av ei totalvurdering av søkeranes kvalifikasjonar, opp mot førehandsdefinert kravprofil, fatta ei ny innstilling.

Innstillingsrådets innstilling

Gunn Claire Hovind Westad vert innstilt til stillinga som fylkesdirektør i Rogaland.

Marianne Chesak
Sign.

Ole Ueland
Sign.

Torhild Østhus
Sign.

Arne Bergsvåg
Sign.

Hanne Marte Vatnaland
Sign.

Herdis Sigurgrimsdottir
Sign.

Margrete Dysjaland
Sign.

Bakgrunn for saka

Saka gjeld tilsetting av ny fylkesdirektør i Rogaland då Inge Smith Dokken fråtredde stillinga 14.08.2022

Saksopplysingar

Fylkestinget tok til orientering at stillinga som fylkesdirektør vart ledig 15.08.2022 og vedtok i møte 18.05.2022 at fylkesutvalet fekk fullmakt til å oppretta innstillingsråd og vedta rådets mandat.

Fylkesutvalet fatta i møte 30.05.2022 følgjande vedtak (sak 99/2022):

1. *Stillingen som fylkesdirektør blir lyst ut eksternt.*
2. *Det opprettes et innstillingsråd som skal ivareta framdriften i arbeidet. Innstillingsrådet består av 7 medlemmer og opprettes i samsvar med bestemmelsen i kommunelovens §§ 7-6 og 7-7 (hvert kjønn representeres med minst 40 %):*
 - *Fylkesordfører Marianne Chesak*
 - *Fylkesvaraordfører Arne Bergsvåg*
 - *Leder av administrasjonsutvalget, Hanne Marte Vatnaland*
 - *Gruppeleder Høyre, Ole Ueland*
 - *Gruppeleder Fremskrittspartiet, Margrete Dysjaland*
 - *To representanter fra de ansattes organisasjoner*
3. *Innstillingsrådet gis følgende mandat:*
 - *Inngå kontrakt med og bruk av eksternt rekrutteringsfirma*
 - *Godkjenne utlysningstekst*
 - *Være intervjueteam*
 - *Innstille kandidater*
 - *Sikre medvirkningen fra de ansatte*
4. *Fylkesdirektøren stiller sekretær til rådighet for innstillingsrådet, og innhenter tilbud fra eksterne rekrutteringsfirma.*

Dei tilsette sine organisasjonar utpeikte fylkeshovudtillitsvald Bjørn Brown og Torhild Østhus som dei to tilsetterepresentantane i tilsettingsrådet. Bjørn Brown vart erstatta av Herdis Sigurgrimsdottir då Utdanningsforbundet gjekk ut i streik i oppstarten av prosessen.

Sekretær for innstillingsrådet har vore rådgjevar i personal- og organisasjonsavdelinga Else-Margrete Liknes Overøye.

Rekrutteringsselskapet Visindi vart vald som ekstern rådgjevar i rekrutteringsprosessen.

Stillinga som fylkesdirektør vart lyst ledig i dagspressa og på internett i juli 2022 med søknadsfrist 1. september 2022.

Innstillingsrådet har hatt ei rekke møter i perioden juni-oktober 2022.

Det vart i innstillingsrådets møte 28. august, etter spørsmål frå Visindi, prinsipielt opna for at ein kunne ta imot søkarar etter søknadsfrist.

Visindi har utarbeida stillingsprofil basert på samtalar med leiargruppa og nøkkelpersonar i organisasjonen, gjennomført målretta kandidatsøk i marknaden, tatt kontakt og gjennomført møter med moglege kandidatar. Visindi har i dialog med innstillingsrådet selektert kandidatar til intervju. Innstillingsrådet har deltatt på intervju og finalekandidatintervju saman med Visindi. Det var utført testar og bakgrunnsjekk på kandidatane som vart presentert for innstillingsrådet. Visindi la til slutt fram ei anbefaling for innstillingsrådet.

Det hadde ved søknadsfristens utløp meldt seg sju søkarar til stillinga. Ein søkar kom til etter søknadsfrist og vart tatt med i vurderinga, så totalt har det vore åtte søkarar til stillinga.

Innstillingsrådet fatta ei innstilling og la fram innstillinga for administrasjonsutvalet og fylkesutvalet 18. oktober 2022. 19. oktober 2022 valde den innstilte kandidaten å trekka sitt kandidatur. Innstillingsrådet har no, på bakgrunn av ei totalvurdering av søkaranes kvalifikasjonar, opp mot førehandsdefinert kravprofil, fatta ei ny innstilling.

Innstillingsrådets vurderingar

Innstillingsrådet vedtok å innstille Gunn Claire Hovind Westad i sitt møte den 20.10.2022.

Innstillinga vert behandla i administrasjonsutvalet og fylkesutvalet før fylkestinget fattar vedtak om tilsetting 25.10.2022.

Gunn Claire Hovind Westads bakgrunn:

Gunn Claire Hovind Westad er 55 år og busett i Stavanger.

Ho er i dag tilsett som assisterande kommunedirektør i Stavanger kommune.

Ho er utdanna siviløkonom og sosialøkonom (hovudfag). Hennar første leiarrolle var som kompetanse- og utviklingsdirektør i Oljedirektoratet. Ho har vore tilsett 13 år i Stavanger kommune med leiarroller på ulike nivå: konstituert kommunedirektør, økonomi- og organisasjonsdirektør, fagsjef HR-utvikling og fagsjef rekruttering og kompetanse i kommunen.

Når tilsetting i stillinga er føretatt, er det lønnsutvalet som godkjenner leiaravtalen for ny fylkesdirektør, og leiaravtalen vert signert av lønnsutvalets leiar i tråd med fylkeskommunens praksis.

Konklusjon

Gunn Claire Hovind Westad vert innstilt til stillinga som fylkesdirektør i Rogaland.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.